



Hustadvika kommune  
Tingplassen 1  
6440 Elnesvågen

Dykkar ref: 2023/610	Dykkar dato: 18.11.2025	Vår ref: 23/56991 - 25/177625	Vår saksbehandlar: Björn Gregull -	Dato: 07.01.2026
----------------------	-------------------------	-------------------------------	------------------------------------	------------------

1

## Hustadvika kommune - detaljregulering - reguleringsplan Skaret - reguleringsendring 01 - offentlig ettersyn

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

### INNLEIING

Saka gjeld offentlig ettersyn av forslag til detaljregulering for Skaret – Reguleringsendring 01 i Hustadvika kommune. Detaljreguleringa går ut på å endre delar av forretningsområdet som er tilknytt Skarstua. Det blir lagt til rette for at det kan drivast barnehage og at det kan byggast 12 nye fritidsbustadar. Samtidig skal eksisterande vassbehandlingsanlegg få riktig arealføremål.

### MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

#### Planfaglege merknader


Planforslaget er i samsvar med overordna plan, både med gjeldande kommuneplan sin arealdel og med forslag til ny kommuneplan sin arealdel som framleis er under behandling. Sidan den nye enno ikkje er godkjend, må vurderinga leggje til grunn gjeldande plan, sjølv om det ikkje er stor skilnad.

I kommuneplanen sin arealdel er området sett av til bygg og anlegg utan at det er spesifisert kva type bygg og anlegg. Dette opnar for at området kan nyttast til nesten alt som fell inn under


føremålet. Det inkluderer òg føremål som kan vere uønskte i enkelte område av kommunen. Difor må arealføremål i reguleringsplanar vurderast nøye under utarbeiding og offentlig ettersyn for å unngå konflikhtar.

Plankartet viser at reguleringsføremåla omfattar eksisterande strukturar på Skaret. Gjeldande reguleringsplan 08005 viser hovudsakleg fritidsbebyggelse og forretning.

Planforslaget som fylkeskommunen har fått til uttale presiserer fleire føremål i planen, særleg i forhold til bruk av forretningsføremålet og nokre endringar knytt til fritidsbebyggelse. Til fritidsboligdelen og endringar i forretningsføremålet har vi ikkje nokon spesielle merknader.



Figur 1: Gjeldende kommuneplanens arealdel



Figur 2: Gjeldende regulering

## Barnehage

I planforslaget ligg det òg barnehageføremål for fast etablering av ein barnehage på Skaret. Vi kom med fleire merknader til val av plassering ved varsel om oppstart. Desse merknadene gjeld framleis.

## Lokalisering og tilgjenge

Føremålet barnehage er skildra i punkt 6.2.1.4 i planomtalen. Her er det berre ei kort oppsummering av plassering og planmessige fakta. Barnehagen har til no vore driven på dispensasjon, og planen skal leggje til rette for varig plassering.

Planomtalen viser til at avstanden frå barnehagen til bustadområde i Hustadvika kommune er mellom 8,5 og 10,2 km, og i Molde kommune mellom 8 og 9 km. Dette kan vere kjelde til feilvurderingar, sidan barnehagen skal drivast basert på ein pedagogikk som tilseier at det ikkje berre er foreldre frå dei næraste bydelane som ønskjer å bruke barnehagen. Det kan i så fall gi feil grunnlag for vurdering av transportbehovet.

Det er ingen kollektivtilbod til området. Det er ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar – verken gåande eller kvardagssyklar har trygg og praktisk tilkomst til området.

## Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader

Lokalisering av barnehage på Skaret strir mot Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader.

Resultatmål seier at:

*«Lokalisering av ulike funksjonar og fysiske anlegg i byar og tettstader skal skje på ein måte som aktivt reduserer transportarbeidet, klimagassutsleppa og miljøulempene, og som reduserer støv- og støyplager.»*

Plassering på Skaret vil auke transportbehovet.

Vidare seier fylkesstrategien under punkt 3.3.2 at:

*«Lokalisering av publikumsretta sentrumsfunksjonar som handel, service, offentleg og privat tenesteyting, kultur- og aktivitetstilbod, samt bedrifter med mange kontorarbeidsplassar, skal skje i sentrumskjerna, nær kollektivknutepunkt. '10-minuttersbyen' skal gjelde som prinsipp. Fråvik frå dette skal bli grunngjeve. [...]»*

Plassering av barnehagen er i strid med fylkesstrategien. Vi fremjar derfor **motsegn** mot planen.

## Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet

Planen er i strid med føremåla i dei statlege planretningslinjene. I føremålet heiter det:

*Retningslinene skal fremje eit lågutsleppssamfunn gjennom utvikling av berekraftige, kompakte og attraktive byar og tettstader. Arealbruken skal leggje til rette for gode mobilitetsløysingar og redusert transportbehov.*

Planforslaget kjem i konflikt med fleire konkrete punkt i retningslinjene:

*3.1 Samordna areal- og transportplanlegging: Utbyggingsmønster og transportsystem må samordnast for å oppnå løysingar som er arealeffektive, avgrensar transportbehovet og legg til rette for kollektivtransport, sykkel og gange, samt fortetting rundt knutepunkt. Hovudtyngda av bustader og fritidsbustader, handel, tenester og arbeidsplass- og besøksintensive verksemdar skal lokaliserast i tråd med dette.*

*3.3 Handel og tenester: [...] publikumsretta private og offentlege tenestetilbod skal lokaliserast med god tilgjenge for kollektivtransport, sykkel og gange. [...]*

*5.1 Stadsutvikling og bustadbygging: I mindre tettstader og spreiddbygde område skal det leggjast til rette for å utvikle gode og attraktive lokalsamfunn med tilgang til bustader og tenester. Planlegginga bør bidra til effektiv arealbruk, styrke og utvikle sentrumsområde og fellesarenaer. [...] Det skal leggjast til rette for at handelsverksemd og andre publikumsretta private og offentlege tenestetilbod blir lokaliserte slik at dei styrkjer sentrumsområde og sikrar innbyggjarane god tilgjenge til lokalt handels- og tenestetilbod.*

Det er mogleg å opprette eit barnehagetilbod med ei plassering som tilbyr dei same kvalitetane knytt til natur og friluftsliv, og samstundes oppfyller krava i dei statlege planretningslinjene. Slik plasseringa er valt i dag, ligg barnehagen langt frå bustadområda i begge kommunar, og det vil berre vere mogleg å kome seg dit med bil.

Vi fremjar **motsegn** mot planforslaget basert på statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet.

## **Planomtalen**

I delar av planforslaget blir barnehageføremålet gitt mykje fokus, medan andre forhold er for lite greidd ut. Til dømes er det i kapittel 6.5 hovudfokus på tilkomst til barnehagen, medan parkering berre er skildra overordna. Det går ikkje fram korleis tilkomsten til bedrifta skal vere, eller korleis parkering for menneske med nedsett funksjonsevne skal organiserast ved næringsbygget og i friluftsområdet. Dette går heller ikkje fram av planføresegnene.

## **Samferdsel**

### **Tilkomst og parkering**

Planen legg opp til felles parkering for dei enkelte områda. For barnehageføremålet er det bestemt at det skal vere parkeringsplassar for menneske med nedsett funksjonsevne, men ei liknande føresegn finst ikkje for næringsseigdommen. For ei bedrift som er retta mot publikum er det viktig at slike parkeringsplassar er sikra i nærleiken av inngangen og for utleigeiningar der det er nødvendig.

Vi fremjar **motsegn** mot planen på grunn av manglande føresegn for HC-parkering knytt til næringsbedrifta og friluftsområdet, samt manglande krav om parkering for syklende i tilknytning til næringsområdet.

## **Vegsystem og avkøyrslar**

### **Frisikt**

Ved gjennomgang av planforslaget kan vi ikkje sjå kva siktkrav som er lagt til grunn i planforslaget. Når det gjeld avkøyrsele lengst nord er L2 ikkje talfesta, og vi kan ikkje sjå om det er tatt utgangspunkt i gamle krav og gamal reguleringsplan der L2 var 10 meter, eller om det er tatt utgangspunkt i dagens krav. Det må gjennomførast ei oppdatering av siktkrav etter gjeldande regelverk og krava i Statens vegvesen si handbok N100.

Ved gjennomgang av planforslaget finn vi heller ingen føresegn knytt til frisikt. Dersom frisiktlinjene berre går over vegareal (fortau, gang- og sykkelveg, køyreveg, anna veggrunn) må ikkje frisiktsonene gå fram som omsynssone i plankartet. Men planområdet må inkludere heile frisiktsonene i avkøyrslar til fylkesvegen. Frisiktsoner skal ha eiga føresegn, samt bli talfesta, helst i plankart, eventuelt i føresegner. Innanfor frisiktsonen er sikthindrande element ikkje tillate, jf. krav i vegnormal N100. Vi fremmer **motsegn** til planforslaget inntil det blir knytt eige føresegn til frisiktlinjene. Heimel for motsegn er veglova § 1 a og Statens vegvesen si handbok N100, jf. veglova § 13.

## **KONKLUSJON**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ved varsel om oppstart uttalt at vi er negative til etablering av permanent barnehagedrift på Skaret. Denne vurderinga og merknadene gjeld framleis, i tillegg til merknadene i dette brevet.

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremjar Møre og Romsdal fylkeskommune følgjande motsegn til planforslaget. Grunngeving går fram av uttalen ovanfor.

1. Planforslaget strir mot fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader og dermed mot regionale interesser. Møre og Romsdal fylkeskommune fremjar derfor **motsegn** mot planen med heimel i fylkesstrategien. Barnehagen må få ei plassering som er i samsvar med krava/målsetjingane i strategien.
2. Planforslaget strir mot statlege planretningsliner for arealbruk og transport og dermed mot nasjonale interesser. Fylkeskommunen har derfor **motsegn** til planen inntil krava er oppfylte.
3. Planforslaget manglar tilrettelegging for HC-parkering ved næringsbygget og i friluftsområdet, samt sykkelparkering i tilknytning til næringsområdet. Møre og Romsdal fylkeskommune har derfor planfagleg **motsegn** mot planen inntil krava er innarbeidde i føresegnene.

4. Planen må omfatte heile frisktsona for avkøyrslar til fylkesvegen. Møre og Romsdal fylkeskommune har **motsegn** mot planen med heimel i veglova § 1 a og Statens vegvesen sine vegnormalar N100 inntil planføresegnene inkluderer føresegn for frisktlinjer.

Med helsing

Toril Hovdenak  
fylkeskommunedirektør

Gunn Randi Seime  
assisterande  
fylkeskommunedirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

Kopi til:  
Statens vegvesen  
Statsforvaltaren i Møre og  
Romsdal

Fagsaksbehandlere:

Samferdsel: Ane Oie Jordahl